

Delegasjonsreglement for økonomiske saker

1 GENERELLE REGLAR

1.1 Bruk av fullmakter

Delegerte fullmakter må ikkje nyttast til å endre budsjettet i strid med prioriteringar eller føresetnader frå fylkestinget eller til å binde opp framtidige budsjett.

Alle vedtak gjort etter fullmakt skal dokumenterast skriftleg.

1.2 Tolkning av reglementet

Fylkesrådmannen har fullmakt til å tolke reglementet. Tolkninga skal grunngjevast og melding leggjast fram for fylkesutvalet.

2 BUDSJETT

2.1 Fylkesutvalet har følgjande fullmakter:

- Detaljere budsjettet og vedta endringar innanfor rammene som er vedtekne av fylkestinget.
- Disponere tilleggsøyvingskonto.

2.2 Faste utval

- Disponere eventuelle tilleggsøyvingskonti.

2.3 Fylkesrådmannen har følgjande fullmakter:

- Vedta mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle.
- Fordele lønsavsetjinga.

3 REKNESKAP

3.1 Fylkesutvalet har følgjande fullmakter:

- Godkjenne rekneskapar for prosjekt som er finansierte av midlar frå samleøyvingar i investeringsbudsjettet, og der fordelinga av samleøyvinga er gjort av fylkesutvalet.
- Setje av midlar til disposisjonsfond for bruk i seinare år (jfr. fullmakt til fylkesrådmannen).

3.2 Fylkesrådmannen har følgjande fullmakter:

- Innanfor drift av skolar og tannklinikkar å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk i seinare år.
- Gjennomføre nødvendige strykningar ved rekneskapsavslutninga i samsvar med § 9 i Forskrift om årsregnskap og årsberetning.
- Fylkesutvalet tek avgjerd dersom det er nødvendig å gjennomføre delvise strykningar av fondsavsetjingar.
- Tilvisningsmynde for heile den fylkeskommunale rekneskapen.